



MØTEPROTOKOLL

Utval: Administrasjonsutvalet

Møtedato 24.05.2018

Møtetid: Kl. 13:00 - 15:30

Møtestad: Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Sandvin, Oddrun Lemme	FF
Tvedterås, Bjørg	FF
Haga, Odd Arne	FRP
Strømmen, Øyvind	MDG
Aarvik, Hilde Maraas	UF

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:
Tjønnå, Monica	SP	Ingen

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Anette Følid, leiar løn og personal
- Jan Erik Boge, rådgjevar

Møteleiar:	Frøland, Knut Harald
Møtesekretær:	Boge, Jan Erik

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, <dato>

Frøland, Knut Harald
ordførar

Boge, Jan Erik
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
002/2018	18/363	Faste saker	
003/2018	13/796	Klage på avslag på søknad om permisjon	Ikkje offentleg

SAKNR. 002/2018: Faste saker

24.05.2018 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste

Øyvind Strømmen (Mdg) orienterte om at han ikkje hadde fått tilsendt sakspapira i sak 003/2018. Det same gjaldt fleire av dei andre medlemmene i administrasjonsutvalet. Det var i møteinnkallinga opplyst at sakspapira i sak 003/2018 skulle sendast i posten, fordi saka er unnateken frå offentleg innsyn. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at sakspapira i sak 003/2018 ved ein feil var blitt sendt til medlemmene i arbeidsmiljøutvalet i staden for til medlemmene i administrasjonsutvalet. Dette vart ikkje oppdaga før på føremiddagen 24.05.2018. Rådgjevar Jan Erik Boge hadde kopiert opp sakspapira i sak 003/2018 og hadde desse med seg i møtet. Det var semje i administrasjonsutvalet om at desse sakspapira skulle delast ut i møtet. Medlemmene fekk så høve til å lesa gjennom sakspapira, før utvalet tok stilling til om sak 003/2018 skulle handsamast i møtet. Etter gjennomlesinga var det semje i utvalet om at saka skulle handsamast i møtet. Under denne debatten vart det peika på at det er uheldig at sakspapira i ei sak som er unnateken frå offentleg innsyn har blitt sendt ut til medlemmene i feil utval.

Det var ingen merknader til protokollen frå førre møte.

Orienteringssaker:

Arbeidstid og spisepausar

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at det vil bli lagt fram saka om arbeidstid og spisepausar på det første møtet i administrasjonsutvalet hausten 2018. Han viste til notatet som låg ved møteinnkallinga for informasjon om bakgrunnen for saka.

Status for diverse prosjekt

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status for sjukefråværsprosjektet/nærværsprosjektet, leiarutviklingsprosjektet og verdiprosjektet.

Kommunen har fått 200.000 kroner frå KLP til å arbeida med nærvær/reduisert sjukefråvær. Desse midlane vil bli brukt til arbeid knytt til barnehagane.

Det er til no gjennomført fem leiaropplæringsdagar. Opplæringa vil halda fram til hausten.

Verdiprosjektet, som starta opp hausten 2017, vil også halda fram til hausten.

Framtidig IKT-driftsform

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om prosessen med vurdering av framtidig IKT-driftsform for Samnanger kommune. Det blir her sett på om kommunen skal gå inn i IKT Nordhordland. Denne saka vil etter planen koma opp i kommunestyret 14.06.2018.

Rutinar for tilsetjingar

Leiar løn og personal Anette Følid orienterte om status for arbeidet med rutinar/prosedyre for tilsetjingsprosessar. Det er behov for å få på plass tydelegare rutinar/prosedyrer enn kommunen har i dag. Anette Følid delte i møtet ut eit utkast til rutine/prosedyre.

Orientering om status for arbeidet med GDPR i Samnanger kommune

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte. Det står att mykje arbeid for kommunen knytt til GDPR, og dette

arbeidet må prioriterast så snart som mogleg.

Arbeid med digitalisering

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om eit digitaliseringssamarbeid i regi av Bergen kommune som Samnanger er med i. Mange leiarar i kommunen skal vera med på prosjektsamling i Bergen 05.06.2018.

Rådgyvevar Jan Erik Boge orienterte om planlagt overgang til digitalt arkiv og digital utsending av post frå og med 21.06.2018.

Tilsetjing sektorleiar oppvekst

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at Heidi Fossdal er tilsett som ny sektorleiar oppvekst. Ho er i dag undervisningsinspektør på ungdomsskulen og startar i sektorleiarstillinga i august.

Hovudtariffoppgjeret 2018

Rådgyvevar Jan Erik Boge orienterte om hovudtariffoppgjeret 2018. Dei sentrale tariffpartane vart samde 30.04.2018 og forhandlingsresultatet er no ute til uravstemming. Leiar løn og personal Anette Følid orienterte om at utbetaling av ny løn for tilsette i kommunen truleg ikkje vil bli gjort før i september.

Orientering om prosjekt i reinhaldstenesta

Oddrun Lemme Sandvin orienterte om prosjektet som er sett i gang i reinhaldstenesta, ref. orienteringssak på førre møte i administrasjonsutvalet. Både tilsette, leiarar og tillitsvalde er med i prosjektet.

Utvalet sitt kvarter:

Sjukepleiarsituasjonen i kommunen

Olaug Øystese (A) spurde om det er mogleg for kommunen å gjera tiltak som kan bidra til at fleire sjukepleiarar som bur i Samnanger vil arbeida i kommunen. Det var så ein diskusjon om mellom anna sjukepleiarsituasjonen i kommunen.

Samrøystes vedtak.

ADM- 002/2018 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 003/2018: Klage på avslag på søknad om permisjon

24.05.2018 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Administrasjonsutvalet vedtok å lukka møtet under handsaminga av denne saka, med heimel i § 31.3 i kommunelova.

Olaug Øystese (A) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Elisabeth Liøen får utvida permisjonen sin i Vassloppa BHG. til 31.12.18. Dette med begrunnelse i den svært spesielle situasjonen som oppstod i april 2017, ang. tilbod om fast stilling som vart trekt tilbake."

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Klagen vert ikkje teken til følgje."

Framlegget til Olaug Øystese fekk 4 røyster og vart vedteke. Framlegget til Knut Harald Frøland fekk 3 røyster.

For Olaug Øystese sitt framlegg	For Knut Harald Frøland sitt framlegg
Olaug Øystese (A)	Knut Harald Frøland (Bl)
Hilde Aarvik, Utdanningsforbundet	Øyvind Strømmen (Mdg)
Bjørge Tvedterås, Fagforbundet	Odd Arne Haga (Frp)
Oddrun L. Sandvin, Fagforbundet	

ADM- 003/2018 Vedtak:

Elisabeth Liøen får utvida permisjonen sin i Vassloppa BHG. til 31.12.18. Dette med begrunnelse i den svært spesielle situasjonen som oppstod i april 2017, ang. tilbod om fast stilling som vart trekt tilbake.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.